



Gruppa frå Wisconsin samla på Rød

Sjeldan eller kanskje aldri har den norske nasjonalsongen vore sunge med slik kraft og innleving på Bygdetunet Rød som i ettermiddag. Då var ei gruppe på 15 norskamerikanarar frå Coon Valley-området i Wisconsin på besøk og vart orientert av

Kristian Olav Bringedal som også akkopagnerte den fine songen på trekkspelet sitt.

Vi fornærmar truleg ingen ved å trekkja fram ein av songarane og gje han terningkast 6 - det var Bernhard Krause. Det var ingen tvil om at han følte seg heime då han song Home on the ranch!

Bethel Home og Sugar Creek Bible Camp har organisert turen og deltakarane kjem frå området rundt Coon Valley, som med rette vert kalla Gudbrandsdalen i Amerika. Øverst i dalen som endar i Mississippi ligg den vesle byen Westby, som er ein av dei mest norskprega i USA. I Coon Valley ligg også det unike museet Norskedalen, som har betydd mykje for arbeidet med å halda det norske i Statane levande.

Reiseleiar for dei 15, som i dag også har vorte vist rundt i Baroniet, har solide røter i Kvinnherad. Ho ber namnet Inga Eness Berber og har ei kusine i Uskedalen. Som vanleg når norskamerikanarar er på rundtur her i landet har også denne gruppa hatt kontakt med mykje slekt og i dette tilfellet er det i Gudbrandsdalen der dei har vore innom dei fleste av kommunane.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Norskameriansk song med norsk akkompagnement